

Sand, 14. Juni 2024

Arkivkode (vår.ref) 07310 24.24lj

SAKSNUMMER 24/01186-01 – RIKSANTIKVARENS HANDVERKSSTRATEGI - UTTALE TIL HØYRING

Innleiing

Riksantikvaren (RA) sitt utkast til handverksstrategi blei sendt ut på høyring 2. mai. Strategien beskriv kvar innsatsen skal ligga og kva målsetningar forvaltninga skal ha for utviklinga av handverket fram mot 2035. Det er valt ut tre overordna satsingar som seier noko om særskilte utfordringar og mål for kvar av satsingane, og kva område ein handlingsplan skal omfamne. Det viktigaste resultatet er ein strategi som gjer eigarar av verna og freda bygg tilstrekkeleg og stabil tilgang på handverkarar med relevant kompetanse. Strategien omhandlar bakgrunn, avgrensing, relevante føringar og ein plan for oppfølging av strategien. RA ynskjer ei uttale på om satsingane og målsetningane er riktige og relevante.

Bakgrunn

Ryfylkemuseet (RF) er eit kulturhistorisk museum stifta i 1981. Ryfylke bygningsverncenter (BVS) er den utovervende delen av arbeidet museet gjer knyta til bygningsvern og tradisjonshandverk. I tillegg til rådgiving og handverkstenester tilbyr museet læringsarenaer for private eigarar og forvaltarar av verna og freda bygg, frivillige organisasjonar, grunnskulen, vidaregåande skule og universitet, og er lærebedrift innan tømrarfaget. Det er den handlingsborne kunnskapen som står sentralt i museet sitt virke. Ei immateriell kulturarv vert halden i live gjennom tradisjonsberarar og deira praksis eller handlingar i utøvinga av eit handverk over tid. Kunnskap og relevant kompetanse innan tradisjonelt handverk forutsett difor læringsarenaer for øving og utøving gjennom at utøvarane får mengdetrening innan fagfeltet. Det er med bakgrunn i dette perspektivet på bygningsvern og tradisjonshandverk at Ryfylkemuseet gjer sine innspel til handverksstrategien.

Innspel

Strategien skal vere eit verkemiddel for RA og deler av kulturmiljøforvaltninga. Tilstrekkeleg og stabil tilgang til relevant kompetanse forutsett eit rammeverk som sikrar ei etter- og vidareutdanning innan tradisjonelle handverksfag. Ei forutsetning vil vere at forvaltninga på regionalt nivå bidrar til ei tilrettelegging og samarbeid på tvers av ansvarsområde som til dømes opptæring, kultur og næring. Strategien skildrar ei satsing på gode og relevante utdannings- og opplæringstilbod både for ungdom og etablerte handverkarar. Spørsmålet bler kva som skal definera eit tilbod som godt og relevant. For kva skal kriteria vere og kven skal sikre kvaliteten? I dag er det fleire tilbydarar av kurs både frå formelle og uformelle

[Skriv her]

aktørar. I tillegg kjem studieemne på fagskular og tilbod på bachelor-, master- og doktorgradsnivå.

Ein velfungerande marknad, der istandsetting og vedlikehald vert utført av handverkarar med relevant kompetanse etter antikvariske prinsipp, forutsett ei kvalitetssikring og eit rammeverk som sikrar etter- og vidareutdanning. Handverkarane skal i følgje strategien kunne ta del i kunnskapsutviklinga på feltet. Ein kunnskap basert både på erfaringar og forskning innan feltet vert i strategien eit premiss for ei god og berekraftig ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø. Behovet for meir kunnskap om framgangsmåtar og materialbruk blir trukke fram som eit behov i eit samfunn som skal gå frå nybygg til tilpassing og ombruk av bygg. Spørsmålet blir korleis kulturmiljøforvaltninga skal sikre ei slik utvikling av kunnskap innan tradisjonshandverka. Ein føresetnad vil vere ei satsing på tvers av ansvarsområde på lokalt og statleg nivå, og oppgåva vil krevje samarbeid mellom Klima- og miljødepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Spørsmåla er mange når det kjem til relevant kompetanse. Kven skal leggje premissane eller sette rammene for kva som blir rekna som relevant eller ikkje? Vert det stilt særskilde krav om dokumentasjon av kursing og at bedrifter som får oppdrag sikrar opplæring også gjennom etter- og vidareutdanning? Er kravet at tilsette med fagleg ansvar skal ha ein bachelor i tradisjonelt handverk eller ei etterutdanning med studiepoeng innan tradisjonshandverk? Skal relevant kompetanse i store og komplekse oppdrag dokumenterast både med referanseprosjekt og kompetansematrise, og korleis skal då kompetanse innan lokal byggeskikk vektast? Vil krav bli stilt til dokumentasjonsprosessen og utforminga av rapportar undervegs og etter ferdig prosjekt? Kva med krav til korleis dokumentasjonen og rapportar skal sikrast og gjerast tilgjengeleg for fagfeltet for å sikre ei utveksling av kunnskap som blir produsert i prosjektet? Skal arbeid på særskilde objekt krevje at tilsette har kompetanse innan handverksforskning?

Krava til relevant kompetanse må med andre ord vere tydeleg kommunisert og vekta slik i oppdraga at ei kunnskapsutvikling kan finne sted. Restaurering og istandsetting av bygningar er ikkje mogleg forutan ei innføring i og kontinuerleg øving i utarbeiding av bygningsdelar. Handverkarar må ha tilstrekkeleg mengdetrening innan bygging av til dømes vindauge for å kunne inneha kunnskapen som ligg til grunn for å sette eit vindauge i eit verna eller freda bygg i stand som del av ei tilbakeføring. For å kunne føre eit bygg tilbake til eit opphavsleg uttrykk må handverkaren på førehand ha tileigna seg framgangsmåtar eller praktiske handlingar som ligg bak ein produksjon av dei ulike delane i bygget.

Utfordringar og moglegheiter vert skissert samt eit ynskje om å bidra til utvikling av kompetanse og kapasitet innan handverksfag og antikvarisk istandsetting (kap.3). Musea blir trukke fram, men ikkje behovet for tradisjonshandverkarar i sektoren for å møte eit aukande behov for istandsetting av bygningane musea forvaltar. Behovet for handverkarar og for forskning i og på musea er behandla i den siste museumsmeldinga (Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i samfunnet – Tillit, ting, tid)._Allmenn og spesialisert handverkkompetanse vil i følgje strategien vere nødvendig for å ivareta kulturminne og kulturmiljø (kap. 4). Tilstrekkeleg og stabil tilgang på handverkarar med relevant kompetanse er det viktigaste resultatet med strategien (Kap. 5). Det vil vere avgjerande at kulturmiljøforvaltninga aktivt bidrar til gode rammevilkår for vern av kulturmiljø, kjem med anbefalingar til utvikling og gjennomføring av utdanningstiltak og arbeider målretta for at forslaga vert forankra på lokalt og statleg nivå på tvers av departement, direktorat og fylkeskommunar.

Ei strategisk satsing inneberer at handverkkompetansen og -kapasiteten skal styrkast (kap.6). Ei utfordring er kva tilbod og arenaer som skal sikra at dei lokale dialektene i kvar region vert ivaretatt og ført vidare til nye generasjonar av handverkarar. I dette arbeidet vil tradisjonsberarar vere sentrale. Dette kan både vere einskilte handverkarar, tilsette ved

museum og bygningsvernsenter, men også enkeltpersonar i frivillige organisasjonar. Ei målsetning i strategien er systematisk samarbeid mellom kulturmiljøforvaltninga, kulturarvsektoren, utdanningssektoren og byggenæringa (s.12). Det ligg ein sårbarheit i at det er ein variasjon i dialogen og samarbeidet mellom partane frå region til region. Ei anna målsetning i strategien er at marknaden innanfor restaurering og istandsetting vert synleggjort for å rekruttere til utdanning og spesialisering i tradisjonshandverk (s.13). Ei slik synleggjering av marknaden og rekruttering frå ROT-marknaden må skje i samarbeid med utdanningssektoren og byggenæringa, men også i samarbeid med museumssektoren og dei einskilde bygningsvernsentra i regionane. Moglegheiter for opplæring og fordjuping i tradisjonelt handverk i vidaregåande skole og i lærlingordningane skal også utnyttast betre (s. 13).

I opplæring og fordjuping vil det vere avgjerande å sikre ei lokal og regional forankring. Her vil musea og bygningsvernsentra kunne bidra gjennom å leggje til rette for praksisopphold, ta imot lærlingar og ta del i ei fagleg utvikling av fordjupingsmodular innan tradisjonshandverk. Eit slikt samarbeid vil ikkje berre innebere ein god dialog mellom musea/bygningsvernsentra og avdelingar/seksjonar innan opplæring, kultur og næring på regionalt nivå. Ein viktig føresetnad er at det økonomiske rammeverket for musea og bygningsvernsentra vert sikra og at elevar, studentar og lærlingar som tek del i deira lærearenaer vert støtta gjennom tilskotsordningar øyremerka for utøvarar innan tradisjonshandverk.

Ei anna målsetning er at høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning innan handverksfag vert vidareutvikla, tilpassa behov i marknaden og har styrka kapasitet. Dette er også målsetninga for ikkje-formelle opplæringstiltak innanfor museumssektoren, bygnings- og fartøyvernsentre og frivillige organisasjonar (s.14). Fagleg fordjuping, kunnskap om teknikkar og material samt lokale og regionale byggeskikk er ei styrke innan ein sektor som forvaltar kulturarv over heile landet. Samstundes vil eit samarbeid mellom musea/bygningsvernsentra og fagskolar/universitet kunne bidra til ei sikring av kvaliteten i opplæringa, gjensidig styrking partanes rolle som læringsarenaer og vere eit samarbeid som vil bidra til å sikra ei lokal og regional forankring.

Musea og bygningsvernsentra har lange tradisjonar og etablert metodikk for forvaltning, formidling og forskning på verna og freda bygg. Dei representerer ein breidde i kunnskap og kompetanse samt eit tverrfagleg fagmiljø, og forvaltar skriftlege kjelder i arkiv, magasin og i ei breidde av samlingar av gjenstandar og bygg. I tillegg har musea og sentra erfaringar med samarbeid om tradisjonshandverk med frivillige organisasjonar. Kulturmiljøforvaltninga bør ikkje berre sjå til museumssektoren som ein aktør innan kurs og opplæring, men også som ein samarbeidspart i samband med utvikling av kunnskap innan tradisjonshandverk for grunnskulen, vidaregåande opplæring, som lærebedrift og som læringsarena for utdanning på høgare nivå.

Den andre strategiske satsinga er at fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminne og kulturmiljø (kap. 7). Spørsmålet er kva kompetanse eigarar og forvaltarar av verneverdige og freda bygg har som bestillarar. Musea og bygningsvernsentra kan gå inn ei rolle som rådgivar, men ei utfordring framover vil vere at tilboda vil kunne variera frå stad til stad. Nokre regionar har etablert regionale bygningsvernrådgevingstenester medan andre har ikkje eit slikt tilbod.

Den tredje strategiske satsinga inneber at erfaringsbasert kunnskapsutvikling og forskning vert styrka (kap. 8). Her omtaler strategien deltaking i kunnskapsutviklinga på handverksfeltet og at utvikling av kunnskap skjer i samarbeid mellom kulturmiljøforvaltninga, handverkarar og andre kunnskapsmiljø (s.19). Det er ynskjeleg med meir forskning og at kunnskapsutvikling utført i samband med istandsettingsprosjekt. Ei målsetting er ei forståing for og bruken av tradisjonelle material, at metodar vert forbetra og at ny kunnskap og forskning vert gjort

tilgjengeleg (s.20 - 21). Handverksforskning i samband med istandsettingsprosjekt forutset ei fristilling av timar både før og etter sjølve istandsettinga, og at forskningstid inngår som ein del av dokumentasjonsprosessen undervegs i arbeidet. Forsking, erfaringsbasert kunnskapsutvikling og tilgjengeleggjering av forskingsresultat må vere til stade i samband med istandsettingsprosjekt uavhengig av om handverkarar arbeidar med kulturminne og kulturmiljø innan offentleg eller privat sektor.

Venleg helsing



Lise Johnsen

Avdeling for bygningsvern